

„Maranese”.

Av Erik Myre.

I oppgåva over jordegods som i åra 1350—1370 låg til Lenvik kapellkyrkje har vi namnet M a r a n e s. Kor dette namnet høyrer heime har det vore gissing om. Sume har meint — med stønad av N. Rygh — at det måtte vere garden Marsletta i Hillesøy. Andre og serleg Carl Bertheussen har halde på at ein må ha staden inne i Malangfjorden nokonstad. Han nemner eit kart han såg i Oslo under sjået i 1914. (C. B. Håløygminne nr. 2/39) der namnet M a r a n e s var skrive tversover Malangfjorden frå Målsnesodden mot Mortenhals. Dette kartet har han seinare ikkje hatt høve til å få sjå. Truleg har ein privatmann det i sitt eige.

Med stønad i dette kartet kastar han fram tanken om at namnet i gamal tid var knytt til Mortenhals. Då eg las dette, tenkte eg straks at det heller måtte vera Målsneshalvøya namnet viste til, men tok meg ikkje tid til å gå spursmålet nøgjare etter.

No seinare har eg tenkt meir på det og no har eg funne noko som eg vil leggja fram som prov for kor vi eingong i gamle tider hadde dette M a r a n e s.

I matrikkelen for Gisund (Geigesund) tinglag (den s. k. «Gamle matrikkelen») står det ei opprekning av dei gardar i Målselv som i 1838 høyrde til dette tinglag. Eg finn m. a.: «G1. matr, nr, 11, Målsnes (Maranes)».

Matrikkelen rekner opp 4 brukarar under dette gårdsnamnet. Kvar med ei skyld h. h. v. 6—12—9 og 9 mark fisk.

I den nyare matrikkelen — den vi brukar no — står det: «Gr. nr. 1, Målsnes, br.nr. 10, Rävnes (Maranes)»

Parentesen med Maranes er med her og. Dette har sjølv-sagt si meining. I O. R.: Norske gårdnavne finn ein ikkje denne parentesen til namnet Målsnes. Han er komen burt, men skulde sjølv-sagt ha vore med her. Den gamle matrikkelen er som vi veit frå 1663 og vi kan trygt gå ut frå at namnet Maranes var med i Matrikkelen frå den tid han vart sett opp fyrste gongen. Målsnes er nemnt fyrste gong år 1661 (O. R.). Truleg er det opphavlege namnet Maranes. Helst kan ein tru at dette namnet frå fyrst av var lagt på halvøya, på «neset» eller og på ytste odden og at det seinare er komen busittarar som kalla bustaden Målsnes og at Maranes vart nemnt samstundes, avdi det var gammalt og meir ålment kjent.

Som ein vil sjå på eitt kart stikk Målsneshalvøya seg langt ut millom Aursfjorden (Sørfjorden) og «Målselv-fjorden». Ho er det lengste «nes» i heile Malangfjorden — eit retteleg havnes, eit Maranes. Dei som ferdest i fjorden laga nok namn her snøgt; for hit skulle truleg nokon kvar — av ymse grunner.

Rävnes-gardane som namnet Maranes er knytt til ligg noko innerter «Målselv-fjorden» på vestsida Målsneset. Herifrå er det ikkje langt til det smalaste av neset der Eidet går over til Navarengrenda i Malangen (Aursfjorden). Lat oss her hugse på at kyrkja rådde over ein jordeigedom samstundes med Maranes og som er kalla «Jnnsta Eidi i Mol». Det må ha vore her.

Frå desse gamle tider er det vel snaudt leivt stort meir av skrive enn det som finst i jordebøkerne. Eg går trygt ut frå at det tilfanget som finst har lektor Ytreberg granska då han skreiv om Målsnes i Malangen bygdebok. Han segjer i denne at det her har vore landingsplass og opplagsplass frå gamal tid og skriv i denne samanhengen om fiskerikdomen i Målselva og skogrikdomen. Skogen (fura?) veks ned til fjæra og landet her var brukt som ålmenning av folk frå skogfatige bygder. (Kanskje jamvel Ottar frå Hålogaland har lagt til land her med skuta si?)

Målsnes låg i millomalderen under erkebispem, seinare under bispem i Trondheim. (N. Y.).

At namnet M a r a n e s høyrer heime her på Målsneset er prova i og med at det finst i den gamle matrikkelen. Det kartet hr. Carl Bertheussen såg var nok bygd på kjende tilhøve og namn frå gamal tid. Eit anna spursmål kan det vera om baa Maranese som er nemnt finst her, «Maranese a nordre landit i Malangur» og «Maranese yttra». Vi må kunne gå ut ifrå det og at dei skilde Maranesnamna kjem av ei deling av det opphavlege bruket. Vendinga «A nørre landit» skulde ein tru meinte nordre lande av hovudfjorden — frå Andsnese og innover, men slik kan det ikkje ha vore meint. Målsnes — den gamle garden som har gjeve opphava til Maranesnamnet — ligg på nordre landet av den fjordarna som går mot Målselva. Kanskje han som førde penna då jordeboka vart skreven, ikkje var så heilt kjend med dei lokale tilhava.

Etter mitt skyn skal vi her etter ikkje ha tvil om kor vi eingong hadde dette Maranese. Kunne vi så finne fram til Bogavik og Nordfyrdi var det kanhende von om å segje kor Hovdingiahusom låg.